

Skjold barnehage

Årsplan 2025-2026

Robuste barn



Logo laga av Janne Vierdal 2024

Vedtatt av S.U. i Skjold barnehage den 13.06.2025

Innhald:

Kontakt oss	s.2
Innleiing	s.3
Velkommen til Skjold barnehage	s.3
Satsingsområde	s.4
Visjon	s.5
Kjerneelement	s.5
Samarbeid	s.6
Føremål og verdigrunnlag	s.6
Vurdering, observasjon og dokumentasjon	s.7
Planlegging og barns medverknad	s.8
Oppstart og overgangar	s.9
Innhald i barnehagen	s.9
Progresjon	s.10
Tradisjonar og årshjul	s.12

Kontakt oss:

Styrar: Vibecke Gundersen (konstituert)

tlf: 53 65 58 73/922 50 252

vibecke.gundersen@vindafjord.kommune.no

Adresse: Vikanesvegen 18, 5574 SKJOLD

Fagleiar: Linn Sæbø (konstituert)

tlf: 53 65 58 70/ 924 24 416

linn.saebo@vindafjord.kommune.no

Kontakt avdelingane

RØDHETTE	458 30 293	Alice Frøvik og Anna Nordtveit
ASKELADDEN	458 30 295	Anne Mette Kamp og Tove Ohm
BUKKENE BRUSE	458 30 294	Anette Hetland og Lillian Eikeland
GULLHÅR	908 75 046	Birgit Strand og Ingelin Hauge
SOLSIKKE	974 60 950	Heidi Tofte
MARIHØNA	948 49 192	Kjersti Bertelsen og Linda Frotjold
SOMMARFUGL	458 32 197	Anja Østrem
KVITVEIS	482 85 815	Cathrine Apeland og Ingebjørg Haraldseid

Innleiing

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet. Det er eit informasjonsdokument til dykk foreldre og andre ulike samarbeidspartnarar som kommunen, PP – tenesta, barnevern og framtidige brukarar. Årsplanen dokumenterer det pedagogiske arbeidet i barnehagen og skal legge grunnlaget for utvikling og kvalitetssikring av barnehagen. Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval. Det er barnehagen sin styrar/fagleiar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.

Årsplanen er barnehagens overordna pedagogiske dokument. Den byggjer på «lov om barnehagar» og «rammeplanen», det er dei to dokumenta som utgjer barnehagens samfunnsmandat. Rammeplanen gir og retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Barnehagens innhald er basert på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg og leik, læring og danning står saman.

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)
<http://www.lovdatab.no/all/nl-20050617-064.html>
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova)
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>
- Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune (2017)



Velkomen til Skjold barnehage

Skjold barnehage er ein kommunal barnehage med 8 avdelingar. 4 Småbarnsavdelingar og 4 storbarnsavdelingar. Barnehagen ligg fint til på Vikaneset, med eit stort og naturrikt uteområde. Me brukar nærmiljøet til turar og aktivitetar, og det er kort veg til både sjø og skog.

Barnehageåret er f.o.m. 15.aug. 2025 t.o.m. 14.aug. 2026, open frå kl. 06.45 – 16.30. I veke 29 og 30, er barnehagen sommarstengt, og julaften og nyttårsaften held barnehagen stengt. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl.12.

Barna skal i løpet av året ha **fire** ferieveker, og tre av desse må takast samanhengande mellom **15.juni og 15.august**. Barnehagen skal ha tilbakemelding på barnets sommarferie innan 1.mai. Ferie elles i året meldes inn 2 veker før. Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane held barnehagen stengt.

Satsningsområde

Inkluderande, trygt og godt barnehagemiljø

1. januar 2021 blei det innført endringar i barnehagelova. Endringane skal sikre at barnet opplev barnehagen som eit trygt og godt sted å være. Barna skal kjenne seg trygge i barnehagen og alle tilsette i Skjold barnehage jobbar med «Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning», med eit «skarpt blikk» på førebygge, avdekke, stoppe og følgja opp mobbing og utestenging (jf. §41-43). Denne lova skal sikre at barna opplev barnehagen som ein trygg og god stad å vera.

Barnehagebasert kompetanseutvikling

Barnehagen er ein lærande organisasjon der alle tilsette skal reflektera rundt faglege og etiske problemstillingar. Barnehagebasert kompetanseutvikling handlar om å auka kompetansen til alle tilsette i barnehagen. Målet er at alle skal sitta med felles kunnskap for å skapa det beste utgangspunktet for ein god barnehage. Refleksjon og diskusjon fører til ny kunnskap som igjen fører til forbetring av den pedagogiske verksemda.

Dei tilsette i samhandling med barna, og i samarbeid med føresette, er nøkkelen i all arbeid i barnehagen, difor har me «snudd spegelen» mot oss sjølv, og har fokus på vaksenrolla. I det føregåande året har dei tilsette hatt ekstra fokus på vaksenrolla i uteleiken, og me har nytta oss av kunnskapen frå *Vera Saman* –prosjektet og ekstern vurdering som me hadde hausten 2023. Me har m.a. fokus på varme og grensesetjande vaksne og utvikling av empati og sosial kompetanse.

Refleksjonsverktøy for inkluderande praksis

Statped har utvikla eit refleksjonsverktøy for inkluderande praksis som me i barnehagen byrja med våren 2025. Verktøyet kartlegg barnehagens inkluderande praksis i form av at dei tilsette fyller ut eit digitalt påstandsskjema. I og med at me har fokus på vaksenrolla i utviklingsarbeidet vart det nærliggande å knyta refleksjonsverktøyet opp mot utviklingsarbeidet me allereie er i gong med. Påstanden me har valgt er: «Me arbeider kontinuerlig med å utvikla ein praksis som ivaretar «barnets stemme» uavhengig av uttrykksform og kognitive føresetnader». Barnas stemmer skal visast igjen i kvardagen på kvart enkelt avdeling, og i barnehagen generelt.

Trygge vaksne med traumekompetanse

Kompetansepakke utvikla av RVTS vest. Ei felles satsing i Vindafjord kommune på tryggheit og kompetanse i møte med barn og familiar. Målet er å møte barna med forståing, og vere regulerte og tilgjengelege vaksne.



Visjon

I løpet av det siste året har alle tilsette i Skjold barnehage utvikla ein ny visjon. Me ynskja oss ein framtidsretta og konkret visjon som har fokus på både barn, tilsette og føresette. Tryggleik og motstandsdyktig har blitt lufta fram som to sentrale omgrep og vil vera to kjerneelement i arbeidet med den nye visjonen.

«Robuste barn»

Å gjer barna robuste nok til å tole livet, er ei av dei viktigaste oppgåvene våre. I følge forskar Cecilie Evertsen handlar det å være robust eller motstandsdyktig, om kapasitet til å handtera litt av livets motvind. - Eigentleg handlar det kort sagt om kunsten å leve. Motstandsdyktighet er dynamisk og ikkje noko som er medfødt, seier ho.

Me ser ei utvikling i samfunnet generelt der psykisk helse står i fokus. Alle tilsette i Skjold barnehage skal vera bevisst rolla si og me jobbar med utgangspunkt i den autoritative vaksenrolla, varme, grensesetjande vaksne. Visjonen er konkret, men rommar mykje.

Ifølge psykologspesialist Warholm er robusthet den evna eller fleksibiliteten til å tåle å ikkje være på topp heile tida. Det handlar om å tåle at livet skjer og at du ikkje alltid har kontroll. I arbeidet med robuste barn er me naudsynt å sjå laget rundt barnet og eit godt foreldresamarbeid vil stå sentralt.

Kjerneelement

Mål for Skjold barnehage: «Skjold barnehage skal vera ein trygg og utfordrande arena der barna kan prøve ut fleire sider ved samspel, fellesskap og venskap. Dei tilsette skal støtte barna i å meistre motgang, handtera utfordringar og bli kjende med sine egne og andre sine kjensler».

Motstandsdyktig

Me skal møte barnas behov for omsorg og tryggleik og sikre at barna får ta del i og medverka i fellesskapet. Barnehagen er og ei forbereding til aktiv deltaking i samfunnet og meir mangfald og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Barnas sjølvfølelse skal støttast, samstundes skal me hjelpe dei til å meistra balansen mellom å ivareta egne behov og visa omsyn til andre sine behov. Dei tilsette skal difor støtte barna i å setja grenser for seg sjølv, respektera andre sine grenser og gi rom for at barna sjølv finn løysningar på konflikhtar.

Tryggleik

Skjold barnehage skal bidra til at barna trivast, til at dei får oppleve livsglede, meistring og følelse av eigenverd samstundes som me skal førebygga krenking og mobbing. Omsorg er ei føresetnad for barnas tryggleik og trivsel. Difor har me gode planar for alle overgangane i barnehagen, som oppstart på småbarn, overgang frå småbarn til storbarn samt overgang til skule.

Leik og leikemiljø

Leik har ein sentral plass i barnehagen og legg grunnlag for venskap, utvikling av språk og sosial kompetanse. Skjold barnehage har fokus på at alle skal få bli med i leik, me vernar om leiken og er bevisst at nokre barn treng å lære leikestrategiar. Barnehagen skal leggje til rette for og inspirera til ulike typar leik både inne og ute og bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, engasjement og spenning både aleine og saman med andre.

Samarbeid

Foreldresamarbeid.

Føresette er barnehagens viktigaste samarbeidspartner. Eit godt samarbeid forutsett respekt, kommunikasjon og tillit. Lov om barnehagar seier: «Barnehagen skal gje barnet gode utviklings- og aktivitetsmuligheiter i nær forståing, og samarbeid med barnas heim». De som føresette skal kunne stole på at alt me gjer i barnehagen er til barnas beste. Dersom føresette eller tilsette i barnehagen opplev og ynskjer å melder frå om at eit barn eller fleire ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, er me plikta til å undersøkje dette (jmf. §41-43; psykososialt barnehagemiljø).

MyKid

Som føresett får du tilgang til MyKid som er barnehagen og føresette sin kommunikasjonsportal. Du loggar deg på med mobilnr, og trykker «glømt passord» ved fyrste gongs innlogging.

Her finn de kalender med nødvendig informasjon, nyheitsbrev, månadsbrev, foto og anna relevant informasjon om barnet dykkar. Det er og via MyKid ferie, fridagar og sjukedagar blir registrert, difor er det viktig at de som føresette er innlogga og oppdatert.

Andre samarbeidspartnerar

PPT - samarbeid og rettleiing til foreldre og personalet.

Spesialpedagogane.

BTI – tverrfagleg samarbeid.

Skulen - samarbeid ved overgang.

Kyrkja - jul, påskevandring.

Fysioterapeut, helsestasjon, logoped.

Barnevern tenesta.

Barne- og familierettleiar og psykisk helseteam for barn og unge i kommunen.

Utdanningsinstitusjonar, studentar i praksis.

BUP- barne- og ungdomspsykiatrisk avd. i Haugesund

Føremål og verdigrunnlag

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse (*Barnehagelova*).

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen byggjer arbeidet på følgjande grunnleggjande verdiar: *felleskap, omsorg og medansvar*. Me skal her representera eit miljø som byggjer opp respekt for menneskeverd og retten til å vera ulike.

Likestilling mellom kjønna skal visast igjen i barnehagens pedagogikk. Personalet i barnehagen skal reflektera over eigne haldningar og samfunnets forventningar til gutar og jenter, slik at ein kan oppdra barn til å møta og skapa eit likestilt samfunn.

Personalet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at barnehagens verdigrunnlag blir etterlevd i praksis. Refleksjonar over eigne verdiar og haldningar bør difor gå inn i personalet sine pedagogiske drøftingar.

Vurdering, observasjon og dokumentasjon

Barnehagen er ein *lærande organisasjon*, som har rutinar og metodar for å sikra at ein heile tida lærer av eigen praksis. Barnehagen er regulert ut ifrå Kap 8 i barnehagelova- *Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (Aktivitetsplikt)*. Slik kan me skapa fornying og betring av eigen praksis.

Me har regelmessig *vurdering* av det pedagogiske arbeidet, i form av *løypande* vurdering, og systematisk vurdering.

Gjennom utviklingsarbeidet har me fokus på *systematisk vurdering*. Tilsette bruker verktøy som pedagogisk analyse og film av enkelte situasjonar der ein i etterkant går gjennom materialet til refleksjon og forbedring av eigen praksis. Foreldreundersøking og medarbeiderundersøking ligg og til grunn i utviklingsarbeidet vårt. Felles refleksjon og drøfting gir utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Kva fungerer og kva må endrast? Kvifor? Barn vurderer med å visa sitt engasjement. Dei eldste barna kan i tillegg inviterast til barnesamtalar

Me *observerer* barna fortløpande, både trivsel og den allsidige utviklinga, for å kunna leggja gode planar tilpassa gruppa, og for å sørga for progresjon for det enkelte barnet.

Dokumentasjon synleggjer korleis me arbeider for å oppfylle krava i Lov og rammeplan. Me skriv månadsplanar og legg ut foto på MyKid. På avdelingane blir det hengt opp bilete og anna som barna sjølv lager. Me nyttar *Tras* (Tidleg registrering av språk) og *Alle med* (viser barns utvikling på ulike område, språk og sosialt) og *Begrepsforståelse* som dokumentasjon på barn si læring og utvikling. Eit etisk perspektiv må leggjast til grunn når me dokumenterer. Dersom me har tett oppfølging av eit barn for å gi eit tilrettelagt tilbod eller prøva ut tiltak, skal dette dokumenterast.



Planlegging og barns medverknad

Styrar har ansvar for Årsplanen. Pedagogisk arbeid skal vera i tråd med lov og rammeplan. Pedagogisk leiar skal planleggja, gjennomføra, dokumentera, vurdere og utvikla arbeidet på sin avdeling. Personalet er delaktige i arbeidet gjennom personalmøter.

Foreldre er velkomne til å koma med ynskjer og tips. Dei kan kontakta oss direkte, eller gjennom Foreldrerepresentantane og SU.

Barna har rett til medverknad. Dei får støtte til å uttrykkje seg, og slik kunne ha ein påverknad i sin eigen kvardag. Me tek omsyn til innspel frå barna, kva interesser dei har og barnet sin alder og modning. Barns medverknad blir tatt omsyn til ved at:

- Barna sjølv skal få medverka i val av aktivitetar
- Tilsette skal observere trivsel og ynskjer
- Barna skal få høve til å vera med å planleggja og påverka temaarbeid og pedagogisk opplegg på avdelingane
- Tolke non verbal og verbal kommunikasjon (særleg dei minste i barnehagen)

Dei kvardaglege aktivitetane tek mykje av tida i barnehagen, og desse aktivitetane i seg sjølv gir mykje læring.

- Kroppsleg aktivitet fremjar barnet sin eg-utvikling.
- Språktrening skjer i dei fleste situasjonar i barnehagen som ved måltid, vask av hender, leikesituasjonar.
- Erfaring får dei gjennom å hjelpa kvarandre, vente på tur m.m.
- Gjennom dette får barnet nytta sansane sine og gjere erfaringar som aukar sjølvkjensla

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova § 1 og 3. (Rammeplanen s.27).

Oppstart og overgangar

Overgang heim – barnehage

Føresette blir invitert til foreldremøte i mai, og nye barn og føresette er invitert på besøksdagar i barnehagen i juni-månad. Oppstartsplanen går over 5 dagar, men alle barn er ulike og unike, så nokre treng gjerne lengre tid enn andre. Oppstartssamtale for nye føresette er i september der ein går gjennom erfaringar og tankar rundt den fyrste tida i barnehagen.

Overgang småbarn - storbarn

I april går kullet som skal over til storbarn på besøk på uteområdet til storbarn, før dei i mai går inn på besøk på avdelingane dei skal starta på til hausten. Det er overføringssamtale mellom pedagog på småbarn og storbarn (med tillatelse frå føresette).

Overgang barnehage – skule

Overgangsplanen ligg på Vindafjord kommune si nettside:

https://www.vindafjord.kommune.no/_f/p14/i0532fcdf-5c10-4782-a18d-20aa207d26b4/overgangsprosedyrar-revidert-des-2024.pdf

Innhald i barnehagen

Likestilling i barnehagen

I barnehagen sin formålsparagraf står det at barnehagen skal fremja demokrati og likestilling. Rammeplanen seier mellom anna at likestilling mellom kjønn skal vise igjen i barnehagen sin pedagogikk. "Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skapa eit likestilt samfunn ... Barnehagen skal bygga si verksemd på prinsippet om likestilling mellom kjønna ... Gutar og jenter skal ha lik moglegheit til å bli sett og høyrte og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen".

Fagområda

I Skjold barnehage jobbar me kontinuerlig med dei 7 fagområda i rammeplanen, og barna skal ha kjennskap til og erfaringar med dei ulike fagområda. Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikla seg, læra og oppleva meistring og barna skal få utfordringar som er tilpassa erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter. Dei tilsette skal vera eit «støttande stillas» for barn, som lever og lærer i ein heilskap.



(Rammeplanen, 2017).

Fagområda i rammeplanen er:

- Kommunikasjon, språk og tekst,
- Kropp, rørsle, mat og helse,
- Kunst, kultur og kreativitet,
- Natur, miljø og teknologi,
- Mengd, rom og form,
- Etikk, religion og filosofi,
- Nærmiljø og samfunn

Progresjon i samanheng med rammeplanen

Naturleg progresjon legg me til rette for ved å:

- følgja opp og utvida det barnet er opptatt av
- gi barna opplevingar som gir meistring, og samtidig tilby dei noko å strekkja seg etter
- leggja til rette for fordjuping, repetisjon og gjenkjenning i innhald og arbeidsmåtar
- vera bevisst bruk av material, bøker, leiker, verktøy og utstyr
- ha fokus på at barna fylgjer si eiga utvikling, og at alle barn lærer ulikt

1-2 åringar

- Me badar barna i ord, sett ord på handlingar og omgjevnadar, gjentek og repeterer ord
- Fysiske utfordringar både inne og ute
- Tema om kropp og følelsar
- Leik og aktivitet med sanseøvingar og formingsaktiviteter
- Gode opplevingar i måltidssituasjonar og gode rutinar som handvask, toalettsituasjon
- Bruk av sansane (sjå, føla, lytta, smaka)
- Estetiske opplevingar gjennom musikk, dans, song og dramatisering
- Fokus på mangfald, likeverd, kultur og tradisjon. Respekt for ulikheit og likskap.
- Opplev og utforskar naturen og nærmiljø
- Kjennskap til samisk kultur
- Leiker med tal, mengde og storleikar
- Får kunnskapar om dyr og dyreliv

3-4 åringar

- Me set ord på tankar, behov og følelsar og undrar oss saman med barna.
- Leik med språket, rimord og tulleord.
- Barna møter symbol, tal og bokstavar.
- Barna får øva på fin- og grovmotorikk.
- Turar i nærmiljø og respekt for naturen.
- Delta i matlaging og variert kosthold
- Bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Øver seg på å klara seg sjølv, få gode rutinar med toalettbesøk, handvask.
- Kjennskap til naturen og berekraftig utvikling

- Sette grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser.
- Brukar spel, puslespel og verktøy som Snakkepakken og Mattepakken.
- Leiker med tal, mengde og størrelsar
- Øver på vennskap, kunna hjelpa, sjølvkjensle, empati og sjølvkontroll.
- Bli kjende med norske tradisjonar og med bygda vår. Fokus på mangfald, likeverd, kultur og tradisjon. Og bli kjend med samisk kultur.
- kjennskap til religionar og livssyn som er representert i barnehagen

Førskulebarn

- Øver på å skriva namnet sitt. Kjenna igjen lydar og rytme i språket og stavingar i ord.
- Øver på regelleik og utforskar risikofylt leik under trygge forhold.
- Øver på å klippa, blyantgrep og pinsettgrep.
- Grensesetjing for eigen kropp.
- Jule-, påske- og pinse-vandring i kyrkja.
- Bli meir kjende med endringane i årstidene.
- Bruker fantasi, kreativitet og skaparglede
- Tilvenning i vann og museumsbesøk

- Møter eventyr, forteljing, segn og uttrykksformer
- Tema berekraftig utvikling, og kvifor det er viktig å ta vare på naturen.
- Møter matematiske omgrep, preposisjonar og øver på å sortera og klassifisera, mønster og samanlikning.
- Fokus på mangfald, likeverd, kultur og tradisjon. Kjennskap til samisk kultur og levesett- Øver på å løysa konflikhtar og utfordringar på eiga hand. Leggja til rette for ein god overgang til skulen.



Logo laga av Janne Vierdal 2024

Tradisjonar og årshjul

Nokre barn har deltids plass i barnehagen, dersom eit arrangement fell på ein dag eit barn har fridag, så får ikkje barnet høve til å delta (t.d. Lucia, løvefest o.l.). Difor ruller me på arrangement, så dei ikkje fell på same dag.

Unntak:

Alle barna får vera med på Besøksdag for besteforeldre og Foreldrebesøk på Barnehagedagen.

Alle barna som skal over på storbarnshuset får vera med på avslutningsfest på småbarn.

Alle førskulebarna får vera med på Eventyrfesten.

Månad	Kva skjer?
August Tilvenning	15. Planleggingsdag i barnehagar (stengt) 18. Oppstart barnehageåret 25-26
September Politi-, brann-, og ambulanseveker	Foreldremøte S-gjengen (førskulebarna) Oppstartsamtale for alle dei nye barna på småbarn Politi-, brann- og ambulanse-veker
Oktober Haust	v.41. Haustferie i skule Besøksdag for besteforeldre
November	14. Planleggingsdag barnehagen og skulen (stengt)
Desember Jul	Lysfest Julevandring i kyrkja Lucia-markering Nissefest
Januar Fysikk og kjemi	19. Planleggingsdag i barnehagen og skulen (stengt)
Februar Vera saman Samer	v.6. Same-veke, Samefolketsdag. v.9. Vinterferie i skule Løvefest
Mars Felleskap og inkludering Påske	10. Barnehagedagen 2026 – Fellesskap og inkludering. Invitasjon til føresette kjem på MyKid. Påskelunsj Påskevandring i kyrkja
April Vår	v.14. Påskeferie i skule. Barnehagen stenger kl.1200 onsdag 1.april, før skjærtorsdag, jfr vedtektene §12. og er stengt til og med 6 april. Overgangsbesøk på uteområdet til storbarn for 23-kullet.
Mai Bærekraft Nasjonaldag	1. Barnehagen stengt 13. 17mai markering i barnehagen 14. Kr. Himmelfartsdag 15. Planleggingsdag i barnehagen (stengt) 25. 2 pinsedag Foreldremøte for 23-kullet som skal over til storbarn og for nye barn på småbarn. Overgangsbesøk på storbarnsavdelingane for 23-kullet.
Juni Mangfald Sommar	Avslutningsfest på småbarn for 23-kullet og eventyrfest for førskulegjengen Sykkeldagar for førskulegjengen Besøksdagar for nye barn på småbarn
Juli	V.29 og 30. Sommarstengt i barnehagen
August	13. Siste dag i barnehageåret 25/26 14. Planleggingsdag barnehagar (stengt)